

Skjelsundet Vel
v/ Erlend Kvamsdal
Areklettvegen 96

SØKNAD OM TILSKOT TIL NÆRMILJØANLEGG_ BALLBINGE

Behovsvurdering

I 2021 fekk Skjelsundet Vel avslag på søknaden om fylkeskommunale nærmiljømidlar til ballbinge, anleggsnr 72830, grunna manglande midlar i fylkeskommunen. Søknaden tilfredsstillar dei formelle vilkåra for tilskot og me vart i brevet oppfordra til å sende ny søknad i 2022.

Tiltaket står høgt på lista over prioriterte anlegg i Masfjorden kommune sin handlingsplan i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Me sender no oppdatert søknad med oppdatert talmateriale og naudsynte dokumentasjonar. Som sist har vi valgt å trekka ut lysanlegget og sender eigen søknad for dette tiltaket.

Bustadfeltet i Skjelsundet er for tida det raskast veksande bustadfeltet i Masfjorden kommune. Området har mange nyetablerarar med barnefamiljar, og ca 1/4 av alle elevane ved Nordbygda skule bur her.

Bustadfeltet ligg mellom 3 og 4 km frå skulen og dei yngste er avhengige av foreldreskyss for å kunne nytta seg av leike- og idrettsområdet der. Strekninga mellom skule og bustadfelt er trafikkfarleg, og på fylkesveg 570 er det også ein 300m lang tunnel.

Me har alt opparbeidd området med leikeplass, og areal for ballbinge er planert og klargjort der vi har i 2021 utført masse utskifting for å betre grunnforholda samt lagt på drenerande asfalt etter anbefalingar frå ballbinge leverandør.

Tiltaket omfattar:

Bygging av ballbinge inkl grunnarbeid og prosjektering.



Bileta over og under syner området der ballbingen skal plasserast. Tomt er ferdig planert.
Planert areal 32m x 16m




Bilde av område for ballbinga med ferdig lagt drenerande asfalt.



Bileta over og under syner delar av bustadfeltet i Skjelsundet. Ca 1/4 av alle elevane ved Nordbygda skule bur her og fleire hus er under bygging.





Kartet syner delar av Skjelsundet bustadfelt til venstre. Heilt til høgre på kartet ser ein Nordbygda skule.

Framdriftsplan

Periode	Tiltak	Status
01.02.21	Oppstart	Utført
01.03.21	Grunnarbeid/ fundamentering	Utført
01.11.21	Montering ballbinge	
01.03.22	Legging av multisportsdekke	
01.04.22	Ferdigstilling	

Omtale av drift

Skjelsundet Vel (org.nr 915087256) er eigar av grunn og påtek seg drifts- og vedlikehaldsansvar for anlegget.

Finansiering

Budsjett inkludert dokumentasjonar vedlagt søknad.

03.10.21

Erlend Kvamsdal

Styreleiar, Skjelsundet Vel

Vedlegg: Behovsvurdering Masfjorden kommune